

Alver kommune

Postboks 4

5906 Frekhaug.

Gjeld søknad om deling og søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for Meland/Alver for ei bustadtomt på gnr. 341 bnr. 81 -lo.

Merknader til Statsforvaltar sin uttale til saka datert 29.11. 2021.

Det er barnebarnet til eigar av eigedomen som ynskjer å busetje seg i nærleiken av si slekt. Dette er viktig for å oppretthalde framtidig drift av gartneriet på hovudbruket, som besteforeldra nå driv, samt å styrke busettinga i dette området i kommunen.

Statsforvaltar meiner at omsøkt tomt vil ligge på areal av produktiv skog. I dette området har det aldri vore og vil neppe bli noko produktiv skog av interesse. Det er her ein skilde spreidde tre med knausar innimellom. Ei synfaring vil stadfeste dette.

Statsforvaltar viser til at det her er eit hus frå før som vil nytte same tilkomst som omsøkt parsell. Det er rett. Veggen er opparbeidd og er i bruk. Noko større belastning for gardsbruket vil det neppe bli om ein hustand til nyttar same vegtilkomsten. Det er heller positivt at infrastrukturen, som alt er etablert, vert nytta. Å vurdere denne omsøkte tomta som ein framtidig belastning med tilhøyrande driftsulempar for hovudbruket nå og på lengre sikt, meiner ein at det har eigar av hovudbruket minst like godt grunnlag for å vurdere enn Statsforvaltar.

Statsforvaltar vurderer og at ein bustad her vil ligge på eit høgdedrag som vil påverke landskapet negativt. Bustaden vil bli plassert på om lag same høgde som nabohuset. Området er småkupert og ein bustad her vil neppe vera meir negativt for landskapet enn dei bustadane som alt er plassert i området frå før.

I tillegg til nabohuset, som Statsforvaltar syner til, ligg det eit bustadhus til i sør som blir nabo til omsøkt tomt. I området omkring ligg det fleire bustadar. Området er i dag eit område med spreidd bustadstruktur og omsøkt bustad vil gli fint inn i denne strukturen utan noko negativ påverknad for korkje landbruk/skogbruk/friluftssinteresser eller eksisterande bustader.

Ein ber om at Alver kommune ser positivt på søknaden og godkjenner omsøkt dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen.

Frekhaug 12.12. 2021.

For søkjar.

Jens H. N. Bjordal. Ansv. Søkjar.

